


Leidarsteidn




Årshäfte 2006
Bømlo Tur- og Sogelag

Pris kr 60,-

Innhald

Forord ved leiar i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s. 3
Tillitsvalde.....	s. 4
Karis hilsen til Bømlo.....	s. 5
“Amerika-bilete”.....	s. 7
Zahlahuset.....	s. 16
Flyktningtrafikken frå Bømlo i krigsåra.....	s. 20
På tur i “Mimrelandet”.....	s. 28
Den tunge skoleveien fra Andal.....	s. 36
Chart over Findaas Præstegield.....	s. 40
Bilete frå Bømlo bedehus.....	s. 42
Før og no	s. 43
Baksidebilete.....	s. 44



Forord

Året 2006 vart eit spesielt år for Bømlo Tur- og Sogelag. Grunnen til det var Kari Shetelig Hovland sin død. Ho var ein av grunnleggjarane av laget, og utan hennar innsats er det vel tvilsomt om det hadde vore noko sogelag her på Bømlo. Heile Bømlo har mykje å takka Kari for. Tusen takk for at du såg verdien av historia vår, og tok vare på den. Den verdien vil me føra vidare så godt me kan.

Sogelaget har i år konsentrert seg mykje om å restaurera "Olsahuset" innvendig og utvendig. Me er svært nøgde med resultatet, og det pyntar godt opp i sentrum. Takk til Erling Eide for svært godt samarbeid. Bruken av huset vil verta drøfta på styremøta framover, men ei eller anna form for utleige blir det i alle fall. Butikklokalet skal vera krabbumuseum og vera ope ved spesielle høve.

Bergehuset er og snart ferdig med toalett og vaskemuligheter. Det har no vorte mykje meir brukarvennleg, og har vore mykje i bruk.

Av arrangement har me i år og gjennomført den tradisjonelle skjærtorsdagstilstellinga på Berge med mykje folk. Me har vore med på tre store arrangement i Bygdatunet, to store dansegallaer og kystsogedagane. Dette har gitt oss sårt tiltrengte midlar i kassen. Me har og gjennomført den tradisjonelle "Krabbafesten". Det var fiasko når det gjaldt frammøte, 13 betalande. Me får ta heile arrangementet opp til vurdering.

Eit anna satsingsområde for BTS er Leidarsteidn. Den vert meir og meir populær. Ein stor takk til dei som kjem med stoff og bilete til oss. Eg vil og retta ei spesiell takk til redaktøren av Leidarsteidn, Bernt Emil Vika, for stort engasjement og dyktighet. Utan han hadde det ikkje vorte noko Leidarsteidn.

Bømlo Tur- og Sogelag vil til slutt, men ikkje minst, takka for alle gåvene og for tilskotet frå sponsoren vår, Haugesund Sparebank. Me vil og takka alle som gjer ein frivillig innsats for laget, ikkje minst alle tilsynsfolka våre. Utan dei hadde me ikkje kunna driva laget.

Til slutt vil me ønskja alle lesarane våre ei riktig God Jul og eit Godt Nytt År og minna om at det enno er ledige plasser att på medlemslistene våre.

Norvald Nytveit
Leiar i BTS

Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



Haugesund Sparebank

Tlf. 53 42 60 70 / Fax 53 42 60 71

Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet i 2006

Styret

Faste medlemmer av styret

Leiar Norvald Nytveit, 1 år (gj.val)
Nestleiar Bernt Emil Vika, 1 år
Kasserar Margit Hovland, 1 år
Sekretær Odd Engen, 2 år (ny)
Styremedlem Berge Olson, 2 år (gj.val)
Styremedlem Anne Grete Engen, 2 år (gj.val)

Varamedl. til styret:

Knut Helge, 1 år
Kristen Thorsen, 1 år
Ruth Berny Lønning, 1 år
Svanhild Vespestad, 2 år (gj.val)
Henning Tveit, 2 år (gj.val)
Lars Gunnar Strand, 2 år (gj.val)

Arrangementsnemnd

Bernt Emil Vika, 1 år
Lars Gunnar Strand, 1 år
Signe Lønning, 2 år (gj.val)
Kolbjørn Lønning, 1 år
Ståle Vorland, 2 år (gj.val)
Arne Sandvik, 1 år
Endre Barane, 1 år
Kristen Thorsen, 1 år
Lars Skippervik, 1 år
Liv Olson, 1 år

Restaureringsnemnd

Knut Hegle, 1 år
Normann Larsen, 1 år
Nils Peder Holme, 1 år
Henning Tveit, 1 år
Arvid Samdal, 1 år
Reinert Hovland, 1 år
Arne Vorland, 1 år
Leif Egil Barane, 1 år
Leif J. Vespestad, 1 år
Ståle Vorland, 1 år

Nemnd for merking av stiar

Liv Olson, 2 år (gj.val)
Arne Lønning, 2 år (gj.val)
Reinert Hovland, 1 år

Skriftstyre

Bernt Emil Vika
Odd Engen
Norvald Nytveit
Berge Olson

Valnemnd

Herdis Westrheim
Liv Olson (ny)
Lilly Vika (ny)

Hus-styre for Olsahuset

Odd Engen
Anne Grete Engen
Signe Lønning
Kolbjørn Lønning



Karis hilsen til Bømlo



Kari Shetelig Hovland
Foto: Hans Gunnar Nilssen

Kort før Kari Shetelig Hovlands bortgang i juli ble det i hennes papirer funnet en liten tale til Bømlo og bømblingene. Hun kunne ikke huske når hun hadde skrevet den, eller ved hvilken anledning hun hadde holdt den. Her forteller Kari om barndomsinntrykkene fra Bømlo, og hvordan hun i voksen alder fulgte arbeidsliv og utvikling, og gir uttrykk for hvor mye Bømlo alltid har betydd for henne. Ved minnesamværet i bedehuset etter Karis begravelse 12. juli ble talen lest av hennes datter Sissel Hamre Dagsland.

Talen finnes på neste side.

Jeg vil takke Bømlo, som ga meg så mye. Det første jeg minnes: vinden, blomsterengene, måkeskrik og hanegal, torvlukten og den gule, myke torvasken. Så vokste Bømlo fram for meg, litt om litt. Slåttonna, alt det folk som var ute og slo og rakte og svettet i sola, hesten og høylasset. Med min vesle rive var jeg med og snudde høy, og fikk skiver med sirup på til takk. Nye vidder åpnet seg: torvmyrene, nordavindsuken i mai som var eslet til torvskjæring, da alle på garden var ute i lag, og den som kunne løfte et greip fikk være med og vodla. Nonsmat med lubbesild, poteter og surmelk. Vipereir mellom tuene. På stølen gikk konene i følge, med holker og spann. Kyrne kom til møtes i flokk, og roet seg med beinamaten. Ungene fikk drikke kuvarm melk av spannalokket. Ved naustet lå færingen, så lett å ro langs land eller ut i øyene, med dorgesnøre. Alt dette takker jeg for.

Men livet var ingen leik. Jordarbeidet sleit på mannen. Veiter skulle graves opp med spett og spa, og steinsettes. Åkrer skulle pløyas, bakkene ryddes, redskap måtte vøles, alt holdes i hevd og tas vare på: "ikkje trø i graset!" Likevel ga jorda bare en attåtnæring, viktigst av alt var sjøen. Ved juletider lå det tett med fiskefartøy i vågene. Alle mann skulle ut på vintrafiske, på driving eller snurping. Heime kom spennende dager med radioen på døgnet rundt, i alle stover, med meldinger om sild, sild, digre fangster. Fiskere og baser sto for oss som Askeladdene i eventyret. Midtsommers lå Islandsfarerne ferdigrustet, tunglastet, med tønner stablet høyt på galgedekket. En etter en satte de i gang, ga tre støt i fløyten, og ble borte i havet. Frakteskutene gikk i ustanselig fart langs kysten, fra fabrikkene med varer til byer og småsteder, over åpent hav og inn i fjordene, året rundt.

Slik er det ikke lenger. Hester og kyr er borte, færingene hogget opp, kuttere og skøyter kondemnerte, utmarkene overgrodde, hauger og myrer har glemt sine navn. Alt er blitt så mye bedre. Næringslivet mangfoldig og avansert. I husene all tenkelig komfort. Velstand og velferd. Åpen og nær kontakt med den store verden. Ingen ønsker seg tilbake til det gamle. Men alt som skal vokse og trives må ha røtter. Rottråder har vi festet langt bakover i tidene.

Langsamt ble landet vårt eget. Slekters slit på land og sjø har gjort bømlingen til den han er. Med sitt sterke mål, som kan høres gjennom stormen. Med det dristige vågemotet som havet krever. Guds frykten, den strenge moralen. Evnen til samarbeid. Gleden ved å møtes, være ilag. Det lette, vennlige sinnelaget.

“Amerika-bilete”

Sjeldne bilete frå Bømlo

For omlag eit år sidan fekk redaksjonen i ”Leidarsteidn” oversendt ei rekkje svært sjeldne og spesielle bilete frå Per Arne Lønning. Bileta er tatt på forskjellige stader på Søre Bømlo i 1907.

Det spesielle med bileta er at dei er stereoskopiske. Kameraet som vart brukt hadde to objektiv og tok såleis to bilete. Begge bileta vart tatt i ei og same eksponering. Avstanden mellom objektiva var omtrent avstanden mellom augo på eit menneske. Når ein hadde tatt bileta, var det altså ein liten vinkelforskjell i kvart bilete i forhold til motivet. Ved hjelp av spesielle ”briller” skulle ein, når ein såg på bileta, oppnå ein dybdeeffekt i bileta. Ein ville altså prøva å etterlikna augo si evne til å sjå tredimensjonalt. Dersom ein greier å få bileta til å flyte over i kvarandre med berre augo, får ein fram den same effekten. Dette krev trening, men med litt tolmod skulle dei fleste få det til.

Saman med bileta sende Per Arne følgjande tekst:

Reinert Severin Lønning emigrerte frå Bømlo til USA i 1889. Han var son til Kristoffer Aanensen og Sissela Andersdtr. Lønning. Severin tok navnet Severt Lonning i USA. Han busette seg i Kanawha, Iowa. Han blei amerikansk statsborgar 20. oktober 1896.

I 1907 reiste Severt heim til Bømlo for å besøkje mora, Sissela. Faren døyde i 1905.

I lag med Severt frå USA var ein annan utflytta bømpling, Edvard J Hovland, samt ein fotograf fra Myklebust's Studio, Eagle Grove, Iowa. Fotografen finansierte reisa si med å ta bilete i Norge, og selje dei heime i USA. Edvard Hovland skifta også navn i USA, til Chris Johnson Hovland.

Billetten frå Iowa til Haugesund kosta 107,40 dollar og var datert 20. august 1907. Returen var 2. november 1907 med RMS ”Lusitania” frå

Cunard Steam ship Co. frå Liverpool.

Eg har i fleire år hatt kontakt med Clair Swan, barnebarn av Severt Lonning. Clair og kona Ruth har besøkt Bømlo to gonger. Det var på vårt gjenbesøk hos Clair Swan i Little Rock, Arkansas, sommaren 2005, at han ville syna oss kor Severt Lonning budde i Iowa. Severt si yngste dotter, 90 år gamle Mildred Lonning Mikkelsen bur i den vesle byen Britt Iowa. Mildred hadde tatt vare på faren sine gamle foto. Me gjorde et forsøk på å avfotografera bileta heime hos Mildred, men bileta blei ikkje gode nok. Fekk sidan bileta tilsendt på lån fra Mildred.

Vi i redaksjonen av ”Leidarsteidn” er svært takksame for å få lov til å trykkja desse bileta. Diverre fekk vi ikkje plass til dei i årsheftet for i fjor, så det er difor ei glede å kunna presentera nokre av desse flotte bileta i denne utgåva av ”Leidarsteidn”.



*Reinert Severin Lønning,
i USA Severt Lonning*




Kallevågsvågen

Naustet nærast tilhørde gr.nr. 47 br.nr. 1 i Vestvik. Naustet er borte, men garden tilhører Heine Vestvik. Partiet midt på biletet var nokre små skjer. Det vart etter kvart planert ut stein mellom skjera, og her vart det fine sjøtomtar. Sjøhuset ein ser i bakgrunnen tilhørde gr.nr. 48 br.nr. 6. Bruk nr. 2 og 3 hadde også tomtar på denne staden. Bruk nr. 6 hadde ein stor tomt her. Under barking av garn, oppstod ein stor brann i 1918. Sjøhuset til Mathias Buavik vart bygd opp att med det same, men rasa saman i ein orkan i januar 1952. Fartøyet som ligg oppankra er mest sansynleg S/K "Bris" ex. "Phansy". Sjøhusa inne

i botnen av vågen tilhørde frå venstre: Anton Kallevåg, Peder Kolbjørnsen, Peder Lønning Kallevåg og Peder Toft. Fartøyet heilt til høgre er ukjent. Bustadhuset der Einar Kallevåg bur i dag vart bygt i 1840. Nedanfor der står eit kvitfarga stabbur, og ein kan sjå litt av løa. Desse tre husa tilhørde gr.nr. 48 br.nr. 6. Huset lengst til høgre er i dag eigd av Hilmar Johnsen, og vart bygt i 1907.

(Einar Kallevåg)



Kåso

Dette biletet av Kåso er tatt frå Storhaug mot garden Vold. Det mest framtrudande huset på biletet er skulehuset. Dette vart bygt i 1896. Dei øvste klassane gjekk då her, medan småklassane gjekk på Fridtun. Slik var skuleordninga heilt til kommunen bygde nytt skulehus (grendahuset) ved sida av det gamle i 1923. Som ein ser hadde skulen utedo. Dette vart seinare rive, og eit nytt vart sett opp i sør-vestre hjørne av skuleplassen, ned mot Sokkamyra. Det næraste naustet tilhørde Torvald Tronsen Vespestad og det utanfor der var Tollef Vespestad sitt. Nausta bortanfor der tilhørde gardsbruk på Vold. Gr.nr. 55 br.nr. 4 hadde naustet til høgge, og gr.nr. 55 br.nr. 3 det lengst

borte. Som ein ser går vegen i dag omtrent slik han gjorde i 1907, men elles er her store endringar. Pøyla i framgrunnen til høgge låg open fram til Langevåg Senter (Eidesvik-kontorene) vart bygt i 1970. I dag dominerer gjestebryggja den innerste delen av havna, og mellom nausta ligg banken. Men den mest framtrudande endringa er Bygdatunet som vart opna i januar 2005. Elles er det påfallande kor lite tre det var på den tida. På garden Vold er det knapt eit tre å få auga på. Dette var nok lenge før introduksjonen av sidkagrana, som no har teke over store område og er nærast for eit ugras å rekna.

(Bernt Emil Vika)



Hidleren

Det er ikkje så mange gjenlevande som hug-sar detaljar frå Hidleren. Det var Jørgen Olsen, Espevær, som bygde huset i Hidleren i 1854. Han vart kalla Jørgen i Hidleren. Midt på biletet heilt til venstre kan ein sjå nokre steinblokker. Det er stein som har rasa ut av fjellet. Aldri så gale at det ikkje er godt for noko. Desse steinane som kviler mot kvarandre danna hidlerar som vart brukte som sjøhus. Her vart det plassert båtar, teiner og humrakister. Slik huset var plassert då dette biletet var tatt, var det stadig utsett for nye ras. Huset vart difor seinare flytta eit stykke lenger

vestover. Mellom steinblokkene og huset kan ein sjå ein steinkai som framleis er i same stand. I Hidleren var det også ei løe, men den viser ikkje på biletet. På slutten var det Helga Spangereid som eigde Hidleren. Då ho flytta, selde ho huset til Kasper Dagsland, som reiv huset og flytta det til Hovland. Den vesle jorda som var att selde ho til Lars Vestvik. I dag (2006) er det Louis Vestvik som eig Hidleren og har i seinare år brukt den som saubeite.

(Einar Kallevåg)



Vestvik

Fotoet viser bustadhuset til gr.nr. 47 br.nr. 4. Dette huset var halvparten av det huset som Einar Kallevåg bur i i dag og vart flytta til Vestvik i 1947. I tunet står også eit vilkårshus som vart bygt omlag på same tida. Dette vert kalla Stabburet og har m.a. vore brukt til bustadhus og fritidshus. Vika nedanfor huset heiter mest sansynleg Vestvik, men har i manns minne vorte kalla for Kaiestranda. Her har det i alle år vore ei attraktiv

badestrand for barna om somrane. I vika kan ein sjå ein liten steinkai som nok har vore landing for småbåtar / færingar. Heilt til venstre for stabburet står driftsbygningen, og aust for bustadhuset eit eldhus. Lengst aust ser vi bustadhuset og løa til Johan Værøy, gr.nr. 47 br.nr. 1.

(Einar Kallevåg)



Hillestvedt / Vespestad

Dette biletet er tatt frå haugane der Bømlo nye kyrkje står i dag. Vegen femst er brekka i Skitnordalen og huset i svingen nede i brekka er forsamlingshuset Fridtun, br.nr 58 gr.nr. 8. Dette huset vart bygt i 1845 av Knut Pedersen Hillestveit, f. 1786. Han var sterkt opptatt av tankane og forkynninga til Hans Nielsen Hauge, og sette seg føre å få bygt eit bedehus i bygda. Han gav fri grunn, og tilreisande snikkarar og folk frå bygda bygde huset nærast på dugnad. Huset hadde ein stor sal, gang og eit kammers. Opp gjennom tida har Fridtun hatt mange funksjonar. Frå 1875 vart det brukt til skulehus i bygda. Då nytt skulehus

vart bygt på Vespestad i 1896, gjekk småskulen på Fridtun og storskulen i det nye skulehuset. Slik var skuleordninga fram til 1923 då endå eit nytt skulehus (grendahuset) stod ferdig. Etter den tid har Fridtun vore heradsstyresal, bank, post, trygdekontor, telefonsentral, lokale for forsyningsnemnda og endå til forretning for elektriske artiklar. I dag eig Bømlo Tur- og Sogelag huset, og det fungerer som eit lite bygdemuseum. Bak Fridtun kan ein sjå nokre av brukka på garden Vespestad (garden mot vest).

(Bernt Emil Vika)



Espevær

Frå Biesundet og ut Nordre-sundet.

Fartøyet som ligg fortøyd ved Amundsbyggja br.nr. 1 er S/K "Mayblossom", eigd av Andreas Amundsen saman med sonen Lars og versonen Torstein Hatlevik. Båten vart innkjøpt frå Lowestoft i 1907.

Husa til venstre er Biekronå br.nr. 8 med Krambuhuset og Sjøhuset. Fartøyet ved huset er S/K "Rover" eigd av Hans og Torvald Bie. Krambuhuset vart utskilt frå br.nr. 8 i 1943 og er no "Strandbu", br.nr. 78. Eigar i 2006 er Arvid

Nesse, Os. Det vert no nytta til fritidsbustad.

Sjøhuset "Biehuset" vart i 1949 skilt ut frå br.nr. 8 og er no br.nr. 116. I 1967 vart den søre delen av huset rive, og den nordre delen ombygd. Eigar i 2006 er Bjørg Paulsen og Åse Bergsvik mfl.

Fartøyet som ligg fortøyd med hekken mot Bergamuren er S/K "Heldos", også eigd av Hans og Torvald Bie. Skøytene som ligg fortøyd i Biekronå og Ringaneset er truleg også eigd av brødrene Bie.

Huset nord for Bergamuren er Nymannshuset, br.nr. 10, "Kistevik". Dette kjøpte Bertha og Lars Amundsen frå Stavanger-firmaet Nymann som hadde salta sild her. Lars døydde i 1889 berre 33 år gammal. Bertha selde i 1918 den austre halvdelen av huset til sonen Amund, br.nr. 39 "Nyhavn", som bygde bustadhus her, tinglyst i 1924. Eigar av dette huset er i 2006 Amund Amundsen (f. 1952).

Eigar av Bertha sitt hus, br.nr. 10 "Kistevik", er i 2006 dottersonen hennar Lauritz Tønnesen.

Huset heilt til venstre er br.nr. 31 "Garvikleitet"

bygd i 1903 for Lars Johan Knudsen, Geitung. I 2006 er det eigd av Leif og Tor Knutsen, Haugesund og Karmøy. Det vert nytta til fritidsbustad.

Elles ser me her litt av Kaien, Garvika og Holmen.

Biletet må vera teke ein gong mellom 1907 og 1910.

Kjelde: Bømlo Bygdebok bind III.

(Rolf Nesse)



Espevær
Sjå teksten neste side

Me veit ikkje kven gutane i robåten er.

Huset til høgre er br.nr. 14 Midtre Garvik og vart bygt for Severin Tollevik i 1905, sjøhus med bustad oppe. Severin var fiskar, men handla og med sild og fisk som han salta på sjøhuset og lagra i tønner som han seinare reiste til Austlandet og selde.

I 1939 bygde han seg nytt hus lenger oppe i Garvika, br.nr. 57, og selde eigeodomen ved sjøen til sønene Sigurd og Gabriel. Eigar av huset i 2006 er Rune Dramsdal, Haugesund.

Huset sør for dette er br.nr. 21 Trelastlageret, bygt for Berner Garvik som dreiv med trelasthandel her. Sigurd Tollevik kjøpte dette av Dagny Garvik og reiv det i 1967 for å få større kai. I 2006 eig Øyvind Tollevik denne delen av Kaien.

Neste hus me ser her er br.nr. 12 Garviken Søre bygt for Ole Garvik i 1899. Huset kjøpte han i Bergen og sette det opp i søre Garviksneset

(England). Brødrene Ole og Berner hadde fartøy i lag, så det er truleg nokre av desse som ligg fortøyd her.

Lenger sør ser me huset til Lars Larssen. Han dreiv med sildehandel på Sjøhuset og hadde bustad oppe. Han dreiv også med landhandel og hadde krambu i huset bak.

Ei tid etter at Lauritz Larssen hadde bygt nytt bustadhus med krambu nede, vart huset etter faren rive og flytta lenger nord på kaien, der huset til Rolf Larssen står i dag, br.nr. 115.

Heilt sør er huset til Kristian Larssen, br.nr. 117. Dette vart flytta frå Karmøy truleg i 1880-åra. Eigar i 2006 er John Steinar Uddal, Espevær og Terje Uddal, Ålesund. John Steinar driv med reketråling og nyttar sjøhuset. Bustadhuset vert nytta til fritidsbustad for familien.

(Rolf Nesse)

Originalbileta



Slik ser originalbileta til den amerikanske fotografen ut. Dette biletet er frå Hovland, gr.nr. 53, br.nr. 1, huset der Olai og Johanna Hovland bur i dag (2006). Bileta har ein slik størrelse at det skulle vera mogleg å sjå dei tredimensjonalt, altså ved å la dei overlappa kvarandre og på den måten få inntrykk av djupne i biletet.

*Det var i dette huset Inger Gunhilde Hovland (fru Zahl) vart fødd.
(Sjå artikkelen om Zahlahuset s. 16).*

Zahlahuset

Ved Bernt Emil Vika



Zahlahuset i 1907. Båten ved bryggja er etter alt å døma D/S "Folgefonden".

Dette biletet av Zahlahuset vart også teke av den amerikanske fotografen som vitja Bømlo i 1907. Zahlahuset er på mange måtar ein intressant stad med ei spanande historie. Vi er klar over at det har vore skrive ein del om Zahlahuset før, men når dette fine "amerikabiletet" dukka opp, valde vi likevel å presentere ein oversikt over handelsstaden si historie samtidig som vi har plukka fram ein del andre bilete med tilknytning til denne staden.

Butikken på Zahlahuset vart etablert rundt 1850 av Jens Henrik Zahl frå Fæøy vest av Karmøy. Før han kom til Bømlo hadde han drive handel

i Bergen, og vart der gift med Agate som var 11 år eldre enn han sjølv. På Zahlahuset bygsla han grunn og bygde bustadhus med sjøbu under, krambu, eldhus og bakeri. Jens og Agate fekk sønene Jacob og Søren Christian. Jens Henrik hadde berre drive Zahlahuset i ca tre år før han døyddde. Sønene hans var då 9 og 3 år gamle. Aleine med to små barn greidde ikkje Agate å få handelen til å gå, og i 1860 vart ho driven ut med tvang av kreditorane. Ho flytta då til eit lite husvære i ei saltebu i nærleiken.

Handelen fekk no ei tid frametter forskjellige eigarar, heilt til Søren Christian i 1888 kjøpte



Fru Zahl
Foto frå Ingvald Hovland



Jørgen Hovland
Foto frå Ingvald Hovland

barndomsheimen sin og tok til å driva butikken som faren opphaveleg hadde starta. Søren hadde i fleire år vore sjømann og no lagt seg opp ein bra slump pengar. Han gifte seg med Inger Gunhilde, dotter til John Kristian og Gunhilde Hovland frå bruk nr. 1 på Indre Hovand. Ho var 20 år yngre enn Søren. Dei fekk to søner, men allereie i 1893 døydde begge gutane. Same året døydde også Søren, berre 43 år gammal, og Inger sat att med butikken aleine. Svigermora, Agate, hadde flytta heim, og budde i eit kammers i våningshuset.

Inger, "Fru Zahl", "Nillå på Zahlahuset" eller "Fruen" som ho også vart kalla, var ei driftig dame. Ho skjøna fort at skulle ho greia seg, måtte ho ekspandera og leggja tilhøva tilrette for ei meir effektiv drift. Ho sette i gong store prosjekt på Zahlahuset, m.a. fekk ho bygt kai slik at dampbåten kunne leggja til. "Minare-Knuten" utførte arbeidet, og stein vart henta frå grunnmurane til nedrivne saltebuer. Bøndene frå Hovland, som åtte desse grunnmurane, gav steinen gratis. Til gjengjeld vart det inngått ein avtale om å få bruka kaien til å setja i land ved, torv o.l. Fru Zahl sette også i gong arbeidet med å byggja veg opp til Hovland. Ho fekk isolert eit rom i sjøbua med kork slik at ho kunne lagra is der om vintrane. Isen vart henta frå Zahla-torvskoren og Longkamrå, eit tjern i utmarka på Hovland, og seld til fiskebåtar som drog forbi med fersk fisk. Elles dreiv ho mottak av ål og hummar. Då telefonen kom til Bømlo, var ho tidleg ute med bestilling av abonnement. Ho tok også imot losjerande. Frelsesarmeen budde alltid her når dei kom til Bømlo for å arrangera juletreffest. Elles tok ho imot emiserar og andre som hadde behov for overnatting.

Men Inger kunne ikkje driva butikken heilt aleine. Difor måtte ho tilsetje folk, og Jørgen Hovland fekk jobben som krambudreng. Han var ein trufast og påliteleg kar som arbeidde for henne i rundt 30 år. Unge jenter vart også tilsette for kortare eller lengre periodar, ikkje berre på krambua, men også som tenestejenter i leiligheten.

Fru Zahl var eit svært godhjarta menneske. På mange måtar kan ein seia at ho fungerte som sosialkontor. Hadde folk økonomiske problem, fekk dei gjerne handla på borg. Nokre kunne ha ein rekning liggjande i fleire år på butikken utan



Minare - Knuten
Foto frå Ingvald Hovland

Hålo, Tollevik, Andal, eller gjekk frå gardane rundt Langevåg, med heimelaga smør, ost og andre varer frå gardsdrifta si som dei bytte i anna handelsvare eller skreiv av på skulda.

Rekninga til Karen Hjertnes frå Hjertnesvågen kan illustrera dette. Som ein ser av faksimilen av rekninga går denne over 2 - 3 år. Det var ikkje så ofte dei var på butikken på den tida, og når dei var der, var det ofte både for å handla og å betala eit lite avdrag. Til slutt hadde ein gjerne såpass i kontantar eller varer at rekninga kunne gjerast opp og avsluttast. Når det gjeld rekninga til Karen, vart denne avslutta den 8.6.1916. Jørgen Hovland skreiv under "for S. C. Zahls enke".

Karen er eit godt døme på korleis enkelte hadde det på den tida. Ho vart fødd på Hjertnesplass, ein husmannsplass i Hjertnesvågen, i 1862. Då ho var lita, leika ho seg ein gong med ei trankole i senga. Det tok fyr i halmen og heile huset brann ned. Ingen vart skada i brannen og huset vart bygt opp att. I 1886 gifta ho seg med Bård Jakobsen



Karen Hjertnes

endeleg oppgjer. Dei var gjerne innom og kjøpte nokre liter parafin, kavring, sirup, fyrstikker og fekk dette notert på rekninga.

Andre gonger hadde dei så litt kontantar eller naturalia som dei brukte til å skriva ned gjelda si. Ho dreiv altså bytthandel i stor grad. Folk rodde frå Barane, Hjertnesvågen,

Hålo, Tollevik, Andal, eller gjekk frå gardane rundt Langevåg, med heimelaga smør, ost og andre varer frå gardsdrifta si som dei bytte i anna handelsvare eller skreiv av på skulda.

Rekninga til Karen Hjertnes frå Hjertnesvågen kan illustrera dette. Som ein ser av faksimilen av rekninga går denne over 2 - 3 år. Det var ikkje så ofte dei var på butikken på den tida, og når dei var der, var det ofte både for å handla og å betala eit lite avdrag. Til slutt hadde ein gjerne såpass i kontantar eller varer at rekninga kunne gjerast opp og avsluttast. Når det gjeld rekninga til Karen, vart denne avslutta den 8.6.1916. Jørgen Hovland skreiv under "for S. C. Zahls enke".

Karen er eit godt døme på korleis enkelte hadde det på den tida. Ho vart fødd på Hjertnesplass, ein husmannsplass i Hjertnesvågen, i 1862. Då ho var lita, leika ho seg ein gong med ei trankole i senga. Det tok fyr i halmen og heile huset brann ned. Ingen vart skada i brannen og huset vart bygt opp att. I 1886 gifta ho seg med Bård Jakobsen

frå Tverborgvik. Dei fekk fem born. Allereie i 1901, då dei hadde vore gifte i 15 år, døydde Bård. Minste barnet var då berre 6 år gammal. Det var ikkje enkelt for Karen på den tida å greia seg på ein husmannsplass i Hjertnesvågen med fem born. Ein kan nok tenkja seg at suta ofte var stor, både for kva

LANDHANDEL
&
PROVIANTFORRETNING.
Telefon nr. 5

Langevåg, Bømlo 27/1. 1914.

Karen Hjertnes
til S. C. Zahl.

Etter forfald beregnes renter.

1913	Jan 1	An. saldo f. f. a.	Sk.	28.48
	Mai 3	Rest paa rorer		0.51
	Juli 12	20 l. salt 0.60, 1 fl. sirup 0.25		0.85
	25	22.4 kg. rugkorn 7.84, 1 l. kaffe 0.40		8.24
		Pr. retur med 2 l. kaffe 0.80		38.08
	Aug 14	betalt kontant		15.00
	Debr. 9		Sk.	22.28
		An. 2 kg. smør 2.10, 4 l. parafin 0.64		2.74
	30			25.02
		Pr. betalt kontant		10.00
			Sk.	15.02
1914	Jan 7	An. 2 kg. sirup		0.56
		1 P. stikken		0.12
			Sk.	15.70
			Pr. k.o.	
	27. an.	36 kg. byggemel		6.20
	april 17	2 par kopper a 0.40		0.80
	juni 26	brød		0.60
			Sk.	23.30
1914	aug. 8	Drangph.	Sk.	23.30
	an. 18	kg. grynmel		4.68
	24	1 karkle		0.60
			Sk.	28.58
	Oktober 9	Pr. betalt kontant		10.00
			Sk.	18.58
	aug. 24	an karkle		0.45
1915	Mar 22	1 Papper 700, 18/5. varer 3.10		3.60
	juni 4	brød 740, farun 700		0.70
	juli 23	1 kg. smør 1.20, sirup 740		1.60
	Septbr 7	farun		1.42
			Sk.	6.35
	juni 20	Pr. betalt kontant		10.00
1915			Sk.	16.35
	Oktober 15	an 2 l. parafin 740, Sirup 740		0.80
		1 P. stikken 735, 18 kg. perlmeil 3.20		4.53
		brød		0.38
1916	Mar 22	1 brød 740, fiks 740, sape 740		0.60
	27	18 kg. perlmeil		4.35
			Sk.	27.01
	April 11	1 P. kaffe		0.65
	Mai 11	1/2 kg. kaffe 1.50, sirup 740		2.11
		1 - manilletaug 1.90, 1 kaffor 1.35		2.75
	25	1 par. kaffe		0.45
			Sk.	32.97
		betalt 8/6 - 46		
		for S. C. Zahl med		
		J. Hovland		

Rekninga til Karen Hjertnes



Frå interiøret i krambua på Zahlahuset. På biletet Anna Andal og Jørgen Hovland.

ein skulle eta, korleis ein skulle halda varmen i huset og kva ein skulle ha på seg. I så måte var nok fru Zahl på Zahlahuset god å ha. Karen visste at der kunne ho få handla på borg om det var nødvendig, og denne muligheten måtte ho ofte nytta seg av. Då den av barna hennar som budde lengst heime, Bertha, gifta seg med Emil Hope, Grutle, i 1921, flytta ho inn til dei og budde i deira familie i heile 35 år, til ho døydde i 1956, 94 år gammal.


Utover 1920-talet var det tronge tider for mange. Det var nedgongstider i økonomien, og mange som dreiv næring av eit eller anna slag gjekk konkurs. Folk mista betalingsevna, og dette igjen gjekk ut over dei som dreiv butikk, også fru Zahl. Til slutt såg ho seg tvungen til å gå ut i bygda og krevja inn det ho hadde uteståande. Når ho tok på seg "krevjehatten" og gjekk frå hus til hus, var ho ikkje billig. Ho kunne nok, om ho hadde vilja det, ha drive folk frå gard og grunn, men det hadde ho ikkje hjarta til. Det var dessutan lite å henta hos dei fleste. Mange nordsjødrivarar provianterte hos henne. Dei kunne som regel ikkje gjera opp for seg før fangsten var levert. Her hadde ho også store summer uteståande.

Men til slutt måtte ho berre innsjå at det ikkje gjekk lenger, og ho vart slått konkurs. Etter ei stund starta ho opp att, rett nok med noko redusert drift. Ho haldt det gåande heilt fram til 1948. Då

var ho 78 år gammal. Ho selde Zahlahuset til Oskar Steinsund, Solund, som var gift med Dagny Hovland, ei dotter av ein av brørne hennar.

Inger Zahl døydde i 1953, 83 år gammal. Oskar og Dagny dreiv handelen fram til slutten av 1950-åra. Då vart drifta av butikken lagt ned for godt. Oskar Håland frå Haugesund kjøpte så Zahlahuset og åtte staden fram til Bernt Arne Eidesvik overtok i 1967. Bømmeløy Mek. Verksted vart då flytta frå Eidesvik, og dei gamle husa vart etterkvart rivne for å gi plass til større verkstadbygningar og nye kaiar.

Kjelde:
Bømlo Bygdebok, bind III
Ingvald Hovland



Jørgen Hovland arbeidde på Zahlahuset i rundt 30 år. Han var også i ei årrekke tilsynsførar for fiskerinummerregisteret i gamle Bømlo kommune. Vidare var han mange år på telefon-sentralen her sør. Foto frå Ingvald Hovland

Flyktningtrafikken frå Bømlo til Shetland i krigsåra

Av Rolf Nesse

Under 2. verdskrigen gjekk det ein jamn straum av flyktningar frå Norge til Shetland og Skottland. Mange nordmenn og folk frå andre nasjonar hadde av forskjellige grunnar behov for å koma seg i sikkerhet i den frie verda. Reisa over havet gjekk som regel med små fiskefartøy og andre båtar frå havner langs vestlandskysten. Også Espevær var involvert i denne trafikken. Det skal her dreia seg om båtane “Medina” og “Teddy” og lagnaden til dei som flykta med desse båtane.

M/K “Medina”


M/K “Medina”, LJWN, vart bygd av Skåluren Båtbyggeri i Rosendal i 1934, bygg nr. 147. Tonnasjen var 36,83 br.t. og 14,73 n.t. Måla var 51,9 f. lang, 15,0 f. brei og 8,3 f. djup. Motoren var ein 40 HK Wichmann, ny i 1934.

“Medina” vart bygd for Nils Larssen, Espevær. Den vart oppkalla etter sigarettmerket til Tidemanns Tobakksfabrikk og var agentbåt for denne fabrikk ei stund. “Medina” var også brukt i kvaloppsynet på strekninga Ferder og nordover til Nordkapp, med bankane utanfor. Den gjekk også i oppsynet for stor- og vårsildlaget på strekninga Stad til Tananger. I tillegg gjekk den med handelsreisande for Wallendahl i Bergen. Oscar Nilssen, Espevær, førde båten.

Den 1. desember 1941 tok fire unge gutar, to på 18 og to på 19 år, “Medina” for å koma seg over

til Shetland. Omkring kl. 23 om kvelden løyste dei båten og bukserte den med lett båten ut nordre sundet på Espevær før dei starta motoren. Dei gjekk deretter til Concordia på Svartesevnen, der dei skulle henta smørølje på eit sjøhus. Dei oppdaga seinare at dei hadde tatt feil i mørkret, det var linolje på fatet.

På overfarten brende dei veivlageret, men dei fann reservelager og fekk sett dette inn. Dei kunne likevel ikkje starta motoren då dei ikkje hadde smørølje. Etter ei tid fekk dei sjå ein engelsk marinebåt og fekk vinka den til seg. Dei fekk gjort seg såpass forstått at engelskmennene skjønna at det var olje dei trong. Frå marinebåten skaut dei ei line om bord slik at dei fekk over ei kanne med smørølje og kunne starta opp motoren. Dagen etter kom dei seg inn til Fair Isle.



Dei kom alle til å gjera teneste i Den Norske Marine. “Medina” vart brukt til ymse oppdrag på Shetland og Skottland. Den kom heim i 1945 i god stand. I 1947 vart den seld til Den Norske Fiskeribank i Bergen. Banken selde den i 1950 til Sandnessjøen, der den vart brukt i oppsynet på Lofotfiske.

I 1975 vart den seld til England.

M/K “Medina”

Dei som flykta med “Medina”

KNUT AMUNDSEN



Knut Amundsen

Knut Amundsen vart fødd den 17. november 1923. Foreldra var Kaia og Amund Amundsen, Espevær. Dei hadde sju born, fem jenter og to gutar. Knut var den nest yngste i søskenflokk.



Jagaren “Svenner”

Før Knut drog til England, var han med faren og broren på M/K ”Succeed” i råstoff-fart.


Den 1. desember reiste han med ”Medina” til Shetland. Han melde seg til teneste i marinen og kom med der 17. desember 1941. Han gjekk rekruttskulen på Skegnes fra 22. desember til 24. februar 1942. Deretter var han i teneste på fleire jagarar, ein av desse var ”St. Alban”. Med denne var han med å eskortere 22 konvoiar over Atlanteren. Han var og med då tyske fly gjekk til åtak under ein eskortetur til Murmansk. Han kom så ombord i den heilt nye jagaren ”Svenner” med Kapteinløytnant Tore Holte som skipssjef og heiste kommando den 8. mars 1944.

Jagaren ”Svenner” vart overtatt av Den Norske Marine frå Roya Navy og sett inn i den britiske 23. jagar-flotiljen som var underlagt ”Viceadmiral Destroyers, Home Fleet” og stasjonert i Scapa Flow på Orkenøyane. ”Svenner” var av den såkalla S-klassen (Savage-klassen). Norge overtok to fartøy av denne klassen. Den andre hadde namnet ”Stord”.

Den 6. juni 1944, D dagen, var ”Svenner” med under innvasjonen i Normandie. Tre tyske torpedobåtar avfyrte torpedo nærast vilkårleg i vifteformasjon. Ein av dei traff ”Svenner”

midships slik at den brakk i to og vart ståande som ein V før den etter ei tid la seg over på sida og gjekk ned. 33 av mannskapet sette her livet til og blant desse var Knut, som sto på post midships litt aktenfor skorsteinen.

KARL KRISTIAN LARSEN



Karl Kristian Larsen

Karl Kristian Larsen vart fødd den 26. september 1923.

Før han drog til England, var Karl Kristian med faren på M/K "Paragon", som gjekk i råstoff-fart.

Den 1. desember 1941 reiste han med "Medina" til Shetland. Han melde seg til teneste i marinen og kom med der 17. desember. Etter rekruttskulen på Skegnes, som varte frå 22. desember 1941 til 24. februar 1942, kom han dagen etter i aktiv teneste om bord på korvetten "Acantus". Der var han til september 1944.

På "Acantus" traff han mange kjente, etter som store deler av mannskapet var frå Bømlo og Bremnes. "Acantus" sitt oppdrag var konvoieskorte mellom Storbritannia og Canada. Tenesta til Karl Kristian om bord varierte. Den første tida var han skyttar, men vart seinare rormann. Når alarmen gjekk, vart vinduene i det overbygde rorhuset skalka, og han måtte styra kun på ordre frå vakthavande offiser på brua.

Normalt var vaktordninga 4 – 4, men under alarm var det ikkje uvanleg å stå i 24 timar. Ved "klart skip" kunne han bli halden på vakt i inntil 48 timar.

Eskorterenga austover rundt 10. oktober 1942 vart spesielt tøff. Saman med fleire andre korvettar og destroyarar skulle dei beskytta konvoi SC 104. Dette var ein såkalla "slow konvoi" som berre heldt 7 knops fart. 48 handelsskip var med, mellom dei mange norske. Omkring 450 n.mil aust av New Founland låg 13 tyske ubåtar og venta, og desse hadde ikkje tenkt å la konvoien gå forbi utan vidare. Veret var dårleg med nordvest storm og høg sjø. D/S "Fagersten" frå Oslo var det første skipet som vart ramma. I alt 19 mann omkom. Ein times tid etter vart D/S "Senta", også frå Oslo, truffen. Heile mannskapet på 35 mann omkom. I dagane som følgde gjekk fleire skip tapt. Men tyskarane lei også tap. Den 16. oktober fekk den engelske destroyaren HMS "Fame" kontakt med ein ubåt og sleppte ned ei synkemine. Ubåten vart tvinga opp, og 39 tyske sjøfolk, m.a. kapteinen, vart tekne til fange. 20 av desse vart haldne fanga i fyrbøtarbanjeren om bord på "Acantus". Etter det store convoislaget fekk Karl Kristian og ein del andre av mannskapet på "Acantus" permisjon ei tid. Dei nytta då høvet til å reisa ein tur til London. Der traff Karl Kristian m.a. skulelæraren sin, Jan Hermann Hermansen, som hadde flykta saman med familien frå Espevær på M/K "Kapp I".

Etter at tenesta på "Acantus" var over, var Karl Kristian sjukepassar på sjukestova for korvettavdelinga i Liverpool. Han kom til Oslo i mai 1945 med den polske kryssaren "Conradi" saman med 150 norske marinegastar. Han kom no til å gjera teneste på ein minesveipar og var der til 23. august 1945, då han vart dimmitert. Han tok til på styrmannsskulen i Haugesund, busette seg der og fekk familie. Han var no sjømann til han vart pensjonert og seilte ute med mange skip, dei fleste frå Haugesund. Først som styrmann seinare overstyrmann og skipsfører.

Karl Kristian døydd 3. april 1998.

KNUT MADSEN



Knut Madsen

Knut Madsen vart fødd den 28. juli 1922.

Før han reiste til England var han saman med faren og broren på M/K "Pretoria" som gjekk i råstoff-fart.

Han drog med "Medina" den 1. desember 1941 og kom seg over til England, der han melde seg til teneste i marinen og kom med der den 19.



desember 1941. Etter rekruttskulen, som var fra 22. desember 1941 til 24. februar 1942 gjorde han teneste ombord i korvetten "Tunsberg", jagarane "St. Albans", "Eskdale", "Sleipner" og minesveiparen "Karmøy".

Eit av marinefartøya Knut var med på, jagaren "St. Albans", har ei spennande historie. Båten var opphavelig bygd i USA i 1918 som USS "Thomas", men vart i 1940 overført til Royal Navy, Storbritannia, og omdøpt til HMS "St. Albans". Den 14. april 1941 vart den overtatt av Den Norske Marine og kom med i eskorteteneste med base i Liverpool. Under norsk kommando, både vest av Afrika og i nordlege farvann, var den med på mange farlege oppdrag. Den var med på 35 konvoiar over Atlanteren og deltok fleire gonger i Murmansk-konvoiane. I februar 1944 vart den levert tilbake til Royal Navy, men vart kort tid etter overtatt av Den Russiske Marine. Båten kom tilbake til England i 1949, der den vart opphogd.

Knut vart dimmitert 31. august 1945 og tok deretter til på styrmannsskulen i Haugesund. Ei tid førde han "Pretoria" som førde sild og gjekk ellers i råstoff-fart. I 1947 kjøpte han saman med faren og broren M/S "Havbell" til fiske og fraktfart. Den vart seld i 1950.


Han førde no ei tid M/S "Knappholm" frå Strandvik i råstoff-fart og fraktfart. Han overtok "Pretoria" etter faren. Den vart seld i 1957.

Knut flytta med familien fra Espevær til Haugesund, og seilte no i lengre tid som styrmann i nordsjøfart. I ei årrekke, til han vart pensjonert, var han skipsfører på fleire skip i Rihnlina.

Han døydde 25. juni 1995.

"St. Albans"

PER PAULSEN



Per Paulsen

Per Paulsen vart fødd den 19. oktober 1922.

Før krigen var han med på M/K "Melar" på reketråling utanfor Egersund, saman med faren og broren, som eigde båten. Men etter krigsutbrotet var trålinga slutt. Han drog med "Medina" og kom seg til England, der han melde seg til teneste i marinen, og kom med der 18. desernber 1941.

Etter rekruttskulen på Skegnes som var slutt 24. februar 1942, kom han dagen etter i aktiv teneste om bord i korvetten "Acantus" der han var til 4. november 1942. Deretter kom han om bord i depotskipet "Heimdal", og den 16. januar 1943 om bord i "St. Albans" der han var til 17. januar 1944. I løpet av denne tida eskorterte jagaren 22 konvoiar over Atlanteren.

Neste båt var den heilt nye jagaren "Svenner", og med den var han med på invasjonen i Normandie 6. juni 1944, D dagen. Kl. 0537 vart den truffen av ein torpedo. Nærast tilfeldig vart torpedoar frå tre tyske torpedobåtar sende ut i vifteformasjon. Ein av desse traff "Svenner" midskips slik at den brakk i to og vart ei tid ståande som ein V, før den

la seg på sida og gjekk ned.

Mannskapet på "Svenner" låg no i eit kaos av olje og vrakrestar i seks fot høge bølger. Etter ein dryg time kom den engelske jagaren HMS "Swift", søsterskipet til "Svenner" frå same flotilje. Stikk i strid med ståande ordre sakka "Swift" ned farten og nærast glei gjennom klynga av overlevande frå "Svenner".

Mannskapet på "Swift" ropa og peika på entrenettet dei hadde kasta ut som hang langs sida og ned i sjøen. Overlevande fra "Svenner" brukte sine siste krefter på å symja bort til nettet og tvinna armar og bein inn i det, for å verta halte om bord. Det var mindre redningsfartøy som hadde oppgåva med å plukka opp overlevande frå senkningar. 78 mann vart redda av "Swift", blant desse var Per. 120 vart redda av dei mindre redningsfartøya, men diverre sette 33 mann livet til under torpedringa.

Per kom no til å gjera teneste på jagaren "Arendal". Den 13. mai 1945 kom Kronprins Olav til Oslo med den britiske mineleggjaren "Apollo". Den vart følgd av m.a. jagaren "Arendal". Per var ombord i "Arendal" til januar 1946, då han vart dimmitert.

Han var no med fartøy frå Espevær på fiske og fraktfart.

Tidleg på sekstialet tok Ola Stoknes til med å ta imot reker på "Biehuset", og her vart Per med. Dei hadde mange kvinner i arbeid med å renska reker. Samstundes hadde dei minkfarm på Eide som kravde mykje arbeid til foring. Per dreiv også med malararbeid.

Per døydde 6. juni 1978, på dagen 34 år etter at han kjempa for livet i kanalen.

Kjelde: Kristoffer Bergtun: "Opplysingar om personar frå Bømlo som var ute under krigen". Ola Bøe Hansen: "Sjøkrigens skjebner, -deres egne beretninger".


Leif M. Bjørkelund: "Sjøfolk i krig". Samtale med Else Udal (søster til Knut Amundsen).

Motorbåten "Teddy"

"Teddy" vart bygd i 1932 i Svåsand, Hardanger. Måla var 26 f. lang, 9 f. brei og 3,4 f. djup. Motoren var ein 6 HK Wichmann, ny i 1935. Båten var open, berre med hus for motor og oljetank, som var vanleg på slike båtar på den tida.



Johan Emil Knutsen



Frå protokollen for fiskerinumregisteret i Bømlo. Utdrag frå sidene om "Teddy".

Omkring 1937 kjøpte Marchus Larssen, Espevær, båten i Kopervik. Den fekk då fiskerinum H-141-BO, og vart brukt som transportbåt for forretninga Lauritz Larssen A/S. Dei hadde tilsyn med hummarparkane og kjøpte opp hummar for Chr. Bjelland & Co i Stavanger. Båten vart og brukt til føring av hummar og hummarmat til parkane.

Johan Emil Knutsen, f. 1910, var god kamerat med Marchus Larsen, så han gjore avtale med han om å "ta" båten for å gå til Shetland. Johan hadde tidlegare vore i arbeid på Espevær Slipp & Mek. Verksted, v/Anders Kvernenes, og elles vore maskinist på båtar frå Espevær. Men navigering hadde han ikkje vore borti før, difor var han ein kveld hos Sigve Øritsland og fekk eit lynkurs i dette. No var han meir førebudd på reisa.

Det var komen ein liten motorbåt frå Stord med tre personar som skulle vera med. Båten heitte "Alf", var 19 fot lang og hadde ein 4 HK Sabb motor. Dei tre personane var Inga Nagel Dahl, f. 1917, Kristoffer Einar Dahl, f. 1919 og Finn Kattetvedt, f. 1916.

Den 23. juli 1941 starta reisa. Det var meininga at dei skulle slepa "Alf" eit stykke utpå og så sleppa den. Men dette våga dei ikkje, for "Teddy" var nokså flat i botnen, slo kraftig og tok til å leka. Dette auka på etter kvart, så dei måtte pumpa mykje. Omlag halvvegs til Shetland måtte dei gå frå "Teddy". Dei tok olja og anna utstyr over i "Alf" og heldt fram med den. Resten av turen gjekk no greit, og dei kom vel fram til Lerwick på Shetland den 26. juli 1941.

Johan søkte seg inn i Marinen og kom med der den 30. august 1941. Han skulle gjera teneste i ubåtvåpenet og fekk opplæring om bord i KNM "B 1". Dette var ein norsk ubåt som vart teken over til England i april 1940, og som no vart nytta som opplæringsfartøy for nye ubåtmannskap.

Etter endt opplæring, kom Johan om bord i KNM "Uredd". Dette var ein engelsk ubåt som vart overteken av Den kgl. Norske Marine, og heist

kommando den 7. desember 1941. Skipssjef var løytnant Rolf Q. Røren frå Horten.

Johan var med "Uredd" på alle tokt til den gjekk ut på det toktet som skulle bli det siste. Han fekk beskjed om at han ikkje skulle vera med denne turen. Seks andre av mannskapet på "Uredd" hadde også fått den same beskjeden. I staden kom fem mann frå Kompani Linge om bord med ammunisjon og anna utstyr til sabotasjeoppdrag. Dette var topp hemmeleg. "Uredd" skulle ut på spesialoppdrag. Lingeakarane skulle landsetjast i Novika sør for Bodø for å driva sabotasje mot kraftutbygginga til A/S Sulitjelma Gruber. Men to månader tidlegare hadde tyskarane lagt ut 200 miner i Fugløyfjorden ved innseglinga til Novika, og her møtte "Uredd" sin lagnad, truleg omkring 10. februar 1943. Lenge var ein usikker på kva som hadde skjedd. Først i våre dagar har vi sikker kunnskap. Like før jul 1985 fann KNM "Tana" vraket av "Uredd" på botnen av Fugløyfjorden. I følgje Marinen sin skikk vart ubåtvraket vigsla til krigsgrav for dei 39 som var om bord.

Johan, eller Johnny som han vart kalla på den tida, kom no om bord på KNM "Ula". Det meste av tida der hadde han løytnant Sigurd Valvatne frå Sunde i Sunnhordland som sjef. Det var i denne tida han skreiv "Ula"-visa som vart svært populær. I visa nemner han flagget "Jolly Roger". Etter kvart tokt med senking av fartøy vart eit symbol sydd på flagget. Kvit stripe tyder senka fiendtleg handelsskip, raud stripe eskortefartøy, dolk er spesialoppdrag og U med strek over er senka ubåt. Det var den tyske ubåten U-974 som vart senka av "Ula" i Skudefjorden 19. april 1944.

Johan gjorde teneste på "Ula" som utskreven kvartermeister, maskin, til krigen var slutt. Båten vart då stasjonert på ubåtstasjonen i Trondheim, og Johan var der til 17. september 1949. Han og kona Jenny reiste så til Dundee,



Undervannsbåten ULA av U-klassen



Johan og Jenny

der ho var frå. Kort tid etter fekk han seg arbeid i Liverpool, og der busette dei seg.

Johan døydde i 1974.

”Ula”-visa

Mel.: Tyralderi

Nu stemmer vi opp i en sang alle mann,
tyralderi, tyraldera
om U-båten ”Ula” det beste vi kan,
tyralderi – hurra.

For i tider som disse det passe seg bør,
at alle som oss har et fin-fint humør.
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

Tenk Hitler og Quisling de trodde jo at
tyralderi, tyraldera
vårt Norge å ta på en eneste natt,
tyralderi – hurra.

Men forbrytergjengen dem er nu blitt vår,
at Norge det fremdeles U-båter har.
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

I nordiske farvann der har vi vårt felt,
tyralderi, tyraldera
og der er nu ”Ula” blant u-båter helt,
tyralderi – hurra.
For stakkars den tysker som nærme seg vil,
han sikkert får føle at ”Ula” er til.
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

Når alarmer varsler til angrep vi går,
tyralderi, tyraldera
litt bleke vi alle på postene står,
tyralderi – hurra.
Men bakom det bleke et viljesterkt trekk,
som slett ikke tyskeren kan viske vekk,
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

Den luft vi innånder i brystet blir sår,
tyralderi, tyraldera
Og dagslyset aldri det ned til oss når,
tyralderi – hurra.
Men når vi oppdykker da er dette glemt,
Ja, alt som i u-båt er ufyst og slemt.
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

Og på sjømannsstanden vi gjør aldri skam,
tyralderi, tyraldera
Når vi kommer inn da vi tar oss en dram,
tyralderi – hurra.
En fest er det ingen som misunner oss,
som vet hva det er under vannet å sloss.
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

Vårt flagg ”Jolly Roger” det står stolt i vind,
tyralderi, tyraldera

For dolker og streker det har vi felt inn,
tyralderi – hurra.

Vi lurte han Adolf og hele hans gjeng,
gjør spesial turer, tar båter i fleng.
Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.

Ja, vi elsker landet, for dette er vårt,
tyralderi, tyraldera

For det skal vi kjempe om det kan bli hårdt,
tyralderi – hurra.

Så viss du vil sloss, da kom og bli med,
vi sammen skal kjempe for frihet og fred.

Tyralderi, tyraldera, tyralderi, hurra.



Sjørøverflagget JOLLY ROGER vart nytta av undervannsbåtane under krigen. ULA sitt flagg viser to dolkar som indikerer to oppdrag i okkuperte Norge for ilandsetting/henting av agentar. Ein kryssa U tyder senking av ein tysk undervannsbåt. Åtte kvite strekar viser senking av åtte fiendtlege handelsfartøy, og ein raud strek står for senkning av eit tysk marineoverflatefartøy.

Kjelder: Kristoffer Bergtun: ”Opplysningar om personar som var ute under krigen”.

Sigurd Valvatne: ”Med norske ubåtar i kamp”.

John R. Hegland: ”Ubåten ”Uredd”

”Norge i krig”.

Samtale med Torstein Knutsen i 1986 (bror til Johan). Samtale med Reidar Pedersen, Stord, i 2004 (bur i Dundee, møttest i Spania).

Reidar var saman med Johan på ”Uredd” og var ein av dei som måtte gå i land. Men først var han med å stua ammunisjon og å stempla av gummibåten som skulle brukast til ilandsetjinga.

På tur i "Mimrelandet"

Av *Edvin Kallevåg*

Mine foreldre var Anton og Nora Kallevåg. Eg vart fødd den 30. sept. 1927 og var yngst av seks sysken. Eg vaks opp i det gamle låge huset attmed vegen midt på Kallevåg.



Mine søsken ståande frå venstre: Ingeborg, Johanna, Dorthea, Nora, Gabrielle (Elle). Bakanfor står mine foreldre. Og eg sit på mammas arm.

Staden (området) der me vaks opp vart av sume kalla "Tunet" der ungane leika og lo og hadde det triveleg saman. Det var staden der også gardsungdomane samla seg og hadde sine former for lått og moro. Dei eldre karane kunne også i finvêret samlast for å spørja nytt. Då drøfta dei også ting som skjedde rundt dei til kvar dags. Me borna kunne ofte få oss ein god latter når karane med saftige ord og høg stemmebruk slo fast at det dei andre meinte var feil. Det rette var nok det dei sjølv bar fram. På den måten fekk dei utløyning for syn og tankar anten det var i alvor eller for moro skuld. Me borna hadde eit meir avslappa forhold til det som opptok dei vaksne. Jentene var flinke til å "balla" på veggene. Dei var også flinke til å "monka." Då måtte dei ha monkekuler

med seg. Leiken bestod i å kasta fleire kuler opp i lufta på rekkje og rad og kunna ta dei att i handa når dei fall ned. Me gutane likte betre å "slå ball", leika "tikken", "gøyma og leita", eller at me alle saman leika "siste par ut.", "slå på ringen," "ut å gå på brandvakt", spela "jeppe" og fleire andre ting som no kanskje er gått i gløymeboka.

Ein kveld det var stjerneklart og me ungane var ute og leika, blei me var eit merkeleg fenomen som viste seg høgt oppe i lufta. Det såg ut som ein lysande buktande orm på stjernehimlen. Det var folk andre stader som også såg det same. Kva det var er vel like løynt som mangt anna i Guds skaparverk.

Eg kan hugsa kor kjekt det var når me borna sprang til "sjøen" for å ta imot Hugo'en og andre båtar som kom frå fiske eller byen. Det var Haugesund som var byen. "Hugo" var etter

måten ein stor open fiskebåt som far min åtte. (Sjå side 215 i "Fartøy til fiske og frakt"). Når me då fekk koma om bord, var det stas å få brødskiva eller kavring med smør og sirup på. Der var ei spesiell fartøylykt som trengde seg inn både i mat og kler. Men det var noko ein berre måtte leva med. Men så var det noko friskt med det også. Dette med båtar, sjø, garn, sild, fugleskrik og motorar som var i gong skapte liv og røre. Om vintrane var det forventning i lufta når notlaga kom og fylte opp vågane. Det kunne stundom verta lang ventetid før silda kom. "Fiskeladdane" brukte vel tida til nyttig arbeid ombord. Dei tok det med godt humør. Dei hauka, lo, spelte munnspele og sprang etter jentene når dei hadde høvet til det. Notbasane var opptekne med å lodda

etter silda når den var på sig innover vågane. Dei skråla og skreik over til kvarandre. Her gjaldt det å ta høglydt kommando slik at notlaga visste kva dei hadde å gjera. Det gjaldt å berga så mykje sild som mogeleg. Stundom gjekk det godt. Ofte blei det berre med skrålet og skriket. Men som dei sa: "Fiskaren og friaren får ikkje furta." Slik skulle det vera når ein vart skikkeleg vaksen. Dette var framtidsdraumar når unggutane trødde nedi dei vaksne sine store sjøstøvlar med silderisp på og gjekk karsleg nokre prøvesteg.

Eg hugsar når dei i den tida dreiv etter sild. Då klauv me opp i Kalavågshaugen om kveldane for å sjå utover havet. Det var synet verdt. Fartøylysa var som eit rikt samanhengjande perleband så langt auga kunne sjå frå sør til nord.

Far min hadde og ei lita skøyte som heitte "Ågot". Den vart også brukt til fiske og lossement. Den var mykje brukt til sandføring. Eg fekk vera med til Sandvoll etter sand. Eg hjalp til med å styra. Det gjekk ikkje fort, men fram kom me kvar gong. Om eg hugsar rett, så var eg med til Sandvoll tolv gonger. Veit ikkje kvifor eg talde disse turane, men det var kanskje fordi det var "karsligt" å få vera med og gjera nytte for seg. Me hadde ikkje grabb på lukekarmen slik som større fartøy har no for tida.

Å lasta gjekk fort. Dei kom med sandvagger og tømde sanden til oss i rommet. Det gjekk ikkje like snart å lossa. Når folk skulle ha sanden sin på forskjellige stader, måtte me bera det i 10-litersbøtter. På den måten fekk folk det dei skulle ha i sine større og mindre sanddungar inne på land. Det var ikkje alltid å "levera på rekka" som det heitte.

Under krigen frakta me korn både til "Karmsund Mølle" på Karmøy og "Berge Mølle" i Ølen. I begge tilfelle låg me og venta til kornet var malt slik at folket fekk mjøl attende i sekkane. Eg fekk vera med å sjå korleis kornet vart malt. Fekk endå til smaka på mjølet når det kom strøymande i "røyr" og ført dit det skulle. Før me reiste heim frå Ølen, fekk me varsel om at me måtte passa oss for ei mina i fjorden.

Me måtte tidleg vera med pappa i teinebåten om

haustane når me fiska etter hummar og krabbe. Det gjaldt også å hjelpa til på åker og eng. Det var mangt som skulle både lærast og gjerast. Pappa var namngjeten når det gjaldt slåttonna. Han var så flink til å slå med langorv. Det såg eg også sjølv mange gonger. Med tanke på det, vart dette diktet til.

Småbrukar og fiskar

*Eg ser so ofte for meg far
der han med låen svinga,
og lette djupe taka tar
med kraftig rygg og bringa.*

*Han rytmisk trødde fram kvart steg.
Var rolig, trygg frå maset.
Mest som han laga farbar veg
når lynkvass lå slo graset.*

*Han måtte stundom ta fram bryne
og orvet endesette.
No kom eit overblikk til syne.
Med roleg hand han tørka sveitte.*

*Det anga godt av nyslått gras,
og sola skein i nakken.
Med berre langorvet til stas
han slo ned heile bakken.*

*Med langorv, stutturv, spa og greip.
Med robåt, segl og årar.
Med hamleband knytt opp om keip
han trossa mange farar.*

*Han var so stødig der han for.
Trong berre litt seg kvila.
Han sleit for oss og gode mor.
På det me ikkje tvila.*

*Og mor tok fram vår Bibelbok.
Dei skiftes åt med andakt.
Om det var travelt, tid dei tok
for å få kraft frå avmakt.*

*No er dei borte, gjømt i grav,
men minna lyser enn.
Og kjære minner dei oss gav
er som når sola renn.--*

Me måtte også vera med i torvmarka. Når pappa spadde torv, måtte me vodla og leggja torvet til tørk ut over teigen me åtte. Det kjekkaste me visste var når me skulle eta. Berre det å sitja ute når sola skein og kjenna den gode lukta av brent lyng under den etter kvart svarte kaffikjelen på gruva, gjorde oss alle i godlag. Kaffien fekk ein eigen smak i torvmarka. Folk fann seg ein god sess på sine eigne myrteigar for å nyta eit lenge etterlengta måltid. Her var det drøsing og latter til kaffikos med medbrakt nista. "Lubbesild og reve" var heller ikkje å forakta i ei slik stund. Noko anna som også var kjekt, det var når "vassbenkjen" skulle takast. Me såg på vatnet som då kom strøymande frå nabo-torvskorane og etter kvart fylte opp vår eigen djupe torvskor. Det var liksom slutten på den økta. Seinare skulle torvet krakkast, så rukast, og når det blei tørt så skulle det bergast i hus. Me som ikkje hadde hest den gongen, måtte bera det på ryggen. (Hest fekk me noko seinare). Det var godt å få setje seg ned på ei lita stund på dei kjende kvilestadene og berre nyta utemarksfreden. Men etter ei lita stund så var det å traska vidare med børa. Minnast enno kor torvknokane frå sekken gnog på ryggtavla den lange vegen fram til torvhusa. Så skulle det berast derifrå og heilt heim til "Eldhuset". På den måten vart me mange gonger varme før torvet kom i omnen.

Ein annan ting som me borna gledde oss til, var når me om haustene skulle få vera med å treska korn. Me hadde ikkje så stor sut for det å skjera kornet på rett måte, eller for å få avling i hus. Me måtte berre vera med så godt me kunne. Dette med treskinga var litt av eit syn. Dei brukte oftast ein liten motor som dreiv treskeverket. Då sparte ein seg for mykje slit. Treskemaskinen og drøftemaskinen åtte dei saman. Dette utstyret gjekk då på omgang til alle bruka på garden som trong tresking. Men eg er så gamal at eg kan hugsa ein gong at pappa med god hjelp frå villige naboar snudde treskemaskinen for hand.



Arrangert tur i torvmyra. Frå v. Johanna Aga, Olaug Aga, Anne Lise Hauge og Anton Kallevåg

Treskemaskinen hadde på eine sida eit stort kamhjul med handtak for to spreke karar. På den andra sida var det ei sveiv for ein mann. Han måtte minst vera like sprek. Pappa greip tak i den sveiva, medan to naboar saug seg tak i handtaket på det store hjulet. Pappa sa til den eine at han måtte vera forsiktig så ikkje "Busserullen" han hadde på seg huka seg fast i handtaket. I så fall ville han vera ille ute. Men godt gjekk det. Alt måtte vera i orden og tilrettelagt på førehand. Ville ein seia noko måtte det helst gjerast før ein sette i gong spetakkelet. Var ein fyrst komen i gong, var det ikke råd å høyra "mannamål". Det å sjå og pusta var vel også noko redusert av "domberåket" som for høgt til alle kanter. Kvinnfolka skulle løysa opp kornbanda og på rekkje og rad levera dei til han som skulle "mata" treskemaskinen. Ein kraftig kar skulle riste halmen og samla det saman i passelege "vondlar" i fanget, for så å lempa det opp på "skukkjen" til ein ventande gjeng av både vaksne og unge. Det gjaldt å bera halmen så langt inn som råd var. Dette var både strevsomt og skikkelig gøy. Å tura og hoppa i halmen førte sjølsagt også til at den vart meir stappa, og at me fekk plass til mest mogeleg i den etter måten vesle løa. Etter at ein var ferdig og ståket hadde stilna, byrja så smått godpraten, skravlinga og låtten som før. Så var det å få av seg det meste av støvet og sveitten. Hugsa ein gong etter ei slik økt hos naboen at eg lesta ville gå heim og ikkje vera til ekstra bry for

”Mariano” når ho stelte til for arbeidsfolket. Men då kom ”Peren” og vinka meg inn. Det var ikkje snakk om anna. Når eg hadde vore med å jobba, skulle me alle vera med til siste slutt. Så var det i samla flokk å gå inn i stova til eit drusteleg måltid mat. Lukta av god “kvinneforeningskaffi”, lefser, kaker og anna godt gjorde at alle var i godlag. Så var det ofte skikk og bruk at ein sto ei stund midt på golvet for å spela beskjeden og med lått og godprat dytta kvarandre fyrst til bords. Når så alle endelig var sessa kring bordet, stemde dei mest frimodige i med eit bordvers. Det var ikke snakk om å gå til og frå bordet utan å takka Gud for mat og drikka. Så når bordsete var slutt og ein hadde prata saman slik som gode naboar ofte gjer, var det å takka for samarbeidet også for denne gongen.

Det var også dei i gamle dagar som treska med ”Tust”. Då la ein noko av kornbanda ut over eit tett låvegolv. Har lest at ein la neka i ring med kornet vendt til midten. Denne ”tusta” var i to deler. Den delen ein heldt i, var som eit kraftig kosteskaft knytt opp som eit ledd til ein annan kraftigare trestokk. Den var noko kortare enn skaftet. Dette svinga ein så over hovudet som ei svepa og formelig banka neka tomme for korn. Så var det å samla opp halmen og kornet kvar for seg.

Ein annan tugvint måte å ”treska” på, var å ta kornbandet og slå det med stor kraft til buken av ei liggjande tønna til dess ein stod att med tomme halmen i handa, mens kornet låg att på golvet. Det har eg faktisk sjølv vore med på. Når me hadde lite korn, kunne dette til nød gå an. Me hadde som nemnt ”drøftemaskin” på garden. Så det arbeidet var mykje enklare, og gjekk veldig greit. I gamal tid kunne ein ikkje berre ”skrua på knappane”. Med tanke på dette vart dette diktet til:

Minner

*Då me vaks opp so var det tungvint mangt og møkje.
Det var for hand ein nesten måtte gjera alt.
Der var kje fryseboks, moderne ting og tøkje.
Nei, maten blei bevart i spekje og i salt.*

*Strikkepinnar riksa svakt, men trutt frå strikkesøyet.
Arbeidsdagen den var ofte tung og lang.*

*Munnar skulle mettast. Kua fekk av høyet.
Kjøkken, stove, fjøs vart stelt mest som på rang.*

*Til seine kvelden varte arbeidsdagen ofte,
for mor ho gav seg sjølv for born og mann.
Og etter aftenbønn me kunne høyre heilt frå loftet
kor rokken stille surra når ho trufast tråden spann.*

*Me har so mange gode minner etter mor og far.
Dei brøyta vegen der me skulle koma etter.
I andaktstund dei ofte opp til Gud oss bar.
Det er som lys i livsens svarte vinternetter.*

*Me takkar Gud, og signar deira gode minne.
Som Guds born vonar me å sjå kvarandre att.
I himmelheimen skal me meir enn noko sinne
få sjå det store i kva me har saman hatt.—*

Eg har som mange andre i den tida lite av skulegong. Det var sju år folkeskule. Så vart det framhaldskule, og sidan Sunnhordland Folkehøgskule. Så ”studerte” eg ein del av språka: Tysk og engelsk. Eg spurde ein onkel som hadde vore i Amerika, om han kunne engelsk? Då svara han så viseleg: ”Eg kan så møkje at eg ser kor lite eg kan”. Det får eg også seia. Elles så har eg som andre greidd meg med ”livets skule”.

Me som etter kvart er blitt noko opp i åra kan minnast då tyskarane hertok landet vårt. Første dagen då krigen tok til, stod eg nordafor ”Håflekksmuget” på Kallevåg. Då kom det eit tysk fly på veg nordover. Det var nesten rett over meg då det med eitt vart angripe, truleg av ein engelsk ”jagar”. Den stupte ned frå lufta og svirra rundt det tyske flyet som ein sint kveps og angreip frå fleire kantar med knitrande mitraljøser. Det tyske flyet vart råka av kuleregnet og tok til å dala. Eg trudde mest at det kom til å stupa i bakken framfor augo mine, men nei, det datt ned lenger nordforbi fjella ein stad. Det var eit skremande minne frå krigens første dag. Seinare fekk me andre sjokkoplevingar. Som då det i ein kortare periode vart skote frå ein tysk (kanonstilling?) i Sveio. Svære granater kom hylande inn over området. Sume for høgt over Kalavågshoien. Andre datt ned på Kallevåg, både på innmark og utmark. Då det vart mørkt, kunne me sjå at



1.r. v. Helene Lønning, Inga Lønning, Gudrun Vold, Ruth Vold, Andreas Tveit, Sigurd Vold, Johanna Årvik, Bertha Hovland, Astrid Vestvik, Herborg Hovland.

2.r. v. Kåre Vorland, Sverre Barane, Sverre Holme, Svenn Vorland, Ingeborg Øye Lodden, Arthur Vestvik, Alfred Kallevåg, Edvin Kallevåg, Leif Lønning.

dei lyste. Eg var på veg for å sjå kva naboen heldt på med bakom haugane. Moldroket stod til vers. Sikkert ei granat det og. Eg var berre komen halvegs då det med eitt small noko grusomt. Ei "søyle" stod rett til vers frå den harde kollisjonen med fjellet ikkje langt frå der eg stod. At me ikkje vart råka av splintregnet var sjølv sagt eit Guds under. Telefonstrengjene til den einaste telefonen som då var på garden, vart brutalt kappa av. Alt omkring oss vart farga gulgrønt. Det var sjølv sagt frå det gulgrøne innhaldet i granata. Til og med den gamle katten vår sette seg på huk for å sleikja seg rein.

Eg fann ingenting att av den granaten. Men andre kunne me finna som låg nesten heile eller delvis skadde av fallet. Det var eit "mannsløft" i dei. Så det kunne nok stemma det som me fekk høyra at dei vog førtifem kilo. Tyskarane som etterpå kom for å innspisera sine "bragder" meinte at desse granatene ikkje var farlege. (Det kunne kanskje vera rett dersom dei ikkje var utstyrt med tennsats.) Men då var det ei tante

som spurde om det ikkje var farleg dersom me fekk dei i hovudet? Då vart dei visst svar skuldige. Eg kan ikkje hugsa kor lenge dei heldt på med dette, men slutt vart det, kanskje etter at dei fekk klage på seg.

Det skulle gå heile fem år før me vart kvitt "grønfargen". Det var ikkje like enkelt som for katten.--- Det skulle gå endå lenger før me vart kvitt rasjoneringskort på mat og kler og det som skulle til i levemåten. Men litt etter kvart vart forretningsfolket sitt slitte: "Nei, dessverre" skifta ut med: "Kan eg hjelpa deg med noko?"

Kor rart det vart då eg sjølv kom i militæret og bar tyske våpen i Norge. Derimot då me kom til Tyskland, bar me engelske våpen. Me kom dit ned til eit "knust" Tyskland. Ein tidlegare tysk soldat me snakka med langt oppe i landet snakka flytande norsk. Han var godt kjent i vårt distrikt. Han hadde vore med på ein av vaktbåtane i Bømlafjorden. Han meinte at dei ikkje hadde tappt krigen. Ein annan me snakka med viste oss

bilder frå då han var stram soldat. Men no gjekk han i slitte, lasete uniformkler og gjette på sauer. Storhetstida var over for den gongen også.

Det vil føra for langt å fortelja om opphaldet der nede. Kan nemna at me fekk svært lite mat. Men musikk og oppvartarar hadde me. Så når den tyske "kelneren" høflig sa "bitte" (ver så god), føydde nordmannen kjapt til "lite". Bitte-lite hævde godt i den samanhengen.

Kan også nemna at då "leiken tok slutt" skreiv eg ein song til avslutningsfesten me hadde for vår tropp. Den vart godt motteken og sunge av "full hals" til tonen av: "Mellom bakkar og berg" under tonefylgje av eit tysk musikklag. Eg hadde ikkje sett namnet mitt under songen, så det var ikkje mi skuld at "festlyden" klappa. Noko i meg seier at dette siste skulle eg ikkje ha skrive, for det verka som sjølvskryt. Då må eg spørje meg "sjølv": Kven ville du fått til å skriva det då? ---

Med Guds hjelp kom me oss velberga heim frå "Berlin-krisen". Ein av dei kjekkaste dagane var då me kunne ta sivile kler på oss og reisa heim til det "normale" livet i vårt gode, kjære Norge.

Kristine og eg hadde for litt sidan saman med andre ein fin busstur til (Rihnen-Mosel). Det var fint å sjå eit Tyskland som forlengst var bygd opp att frå ruinhaugane.

Eg har alltid vore glad i song og musikk. Pappa hadde gitar og lærte meg tidlig C-skalaen, men dei små fingrane mine hadde problem med å få det til. Det vart jo noko betre etter kvart. Noko av dei finaste stundene frå den tida som smågut, var når me om kvelden i "tussmørket" fekk pappa til å ta fram gitaren og spela og syngja: " *Så bitter kold blåser nordenvinden om stuehjørnet den sene kveld.*" Han song alle versa utanåt. Me sat heilt stille og lytta medan lyset frå trekkholet i omnsdøra laga trolske blafrande skuggar ut i rommet. Det vart kanskje ein medverkande årsak til at eg sjølv i eit langt liv har vore oppteken med song og musikk. Eg lærte meg på eit vis å spela orgel etter noter. Då me danna songkor, var eg med å lærde andre i songkoret tonane dei skulle syngja. Når me då til

slutt sette sopran, alt, tenor og bass saman, tykte me at det vart skikkeleg vakkert.

Eg gløymer ikkje då Musikk-korpset frå Espevær besøkte oss i det gamla bedehuset. Dei spelte så fint under leiing av Alf Amundsen. Då dei til slutt spelte og marsjerte ut igjennom Eidesdalen, fylgde me etter for å sjå og høyra. Ei ku som gjekk der i dalen og beita vart skikkeleg tent. Ho slutta å eta og sette halen til vers og tok til beins.

Eg vart også skikkeleg tent for den slags musikk. No hadde det seg slik at eg ei tid etter dette var saman med Alf Amundsen i Bømlø Sparebank og reviderte. Då snakka me to ofte om dette. Eg lurte på om eg skulle våga på å starta med noko liknande inne hos oss. Eg veit ikkje om det var tankeoverføring eller kva som gjorde det, men som mange vil hugsa så kalla Helene Eidesvik saman til eit positivt "folkemøte" om akkurat dette. Det var nettopp henne og andre gode folk i bygda som skulle til for at det vart danna "Hillestvedt Skulekorps".

Så skulle altså eg også få vera med i dette. Det var stas då eg fekk i oppdrag å reisa til Haugesund for å kjøpa instrumenter til korpset. Då eg med ein del strev fekk alle instrumenta heim i stova, lakka eg koffertane for at dei skulle vara lengst mogeleg. Fekk tips om kva for instrumenter som kunne høva slik i startfasen. Minnast eg rett så vart det kjøpt ein trumpet, fem kornettar, to althorn, to tenorhorn, ein bariton, ein tuba, stortromma, skarptromma, og bekken. Sidan var det fleire i korpset som kjøpte seg instrumenter sjølv også. Så var det å gå "på garane" og finna fram til "elevar" som la for dagen musikalske interesser, og me sette i gong med øvingar. Det var først å læra notene, fingersetting, og "c-skalaen". Frelsesarmeen sine noter fekk me også lov å kjøpa. Det var Alf Amundsen som sette meg på faret med det også. I dei notebøkene var det mange fine melodiar. Nokre av dei nytta me oss av, og musikk vart det. Då me kom så langt at me kunne spela tonar, slutta me nesten alltid av øvingane med tonen til: "O, bli hos meg".

Dersom noko kan seiast å vera starta på "grøn

bakke” så var det Hillestvedt Skulekorps. Det var heilt nytt for oss alle. Og den som kanskje var mest ”grøn” var eg sjølv som skulle vera leiar og dirigent. Men grønfargen er ikkje berre ”tåpelighetens farge”, den er også ”håpets farge”. Så med rett pågangsmot av alle partar, vart resultatet bra. Uniformar hadde me endå ikkje skaffa oss. Men fine blå båthuver med kvit dusk framme, var likevel ei bra markering av korpset. Det var alltid festleg når me marsjerte foran folketoga 17. mai og spela til nasjonalsongane. Me spela også i andre høve både ute og inne. Eg har mange gode minner frå den tida. Eg vil også nemna at det var sers gildt då andre som kunne dette betre enn meg overtok ”stafettpinne” for å leia korpset vidare.

Så må eg heller ikkje gløyma å nemna ”Musikklaget,” der eg også har fått vore med i lang tid. Først spela eg gitar. Men frå 1953 i den store vekkinga, vart det til at eg spela trekkspel. Kan nemna ei pussig hending frå den vekkjingstida. Bedehuset var stappa fullt av folk. Me skulle spela og musikklaget hadde alt stilt opp og venta på meg. Eg hadde eigentleg

ikkje så stort frimod til å vera med, for eg var ikkje flink nok. Difor stod trekkspellet ute i småsalen akkurat då. Men det var ikkje snakk om anna. Eg måtte berre ut og henta spelet. Eg var snill og lydig då som no. Så ut i full fart og snappa spelet med meg. Fekk hukja meg nedpå fremste benk på ”mannfolksiå”. Eg sela på meg i ein viss fart. Men til min store skrekk så hadde eg i farten teke spelet på meg opp ned. Trur ikkje nokon merka fadesen, for eg sat enno med ryggen til forsamlinga. Så var det i vill hast å få det av meg og smyga meg bak talarstolen og sleppa meg ned bak dei andre som framleis tolmogig stod og venta. Så etter at eg hadde sela meg rett, var det å ta den rette tonen i byrjinga og slutten på kvart vers. Det i midten fekk koma som det ville. Ivrige songarar overdøyvde alle ulydar som måtte koma. Slik lærte eg av ”feila frå i går” for seinare med åra å verta noko betre. Men denne ”fadesen” må du ikkje nemna for nokon.---

Seinare med åra vart det også å spela til ”Bømløgutane”, som også etter kvart har fått ein lang ”arbeidsdag.” Vonar at nye krefter kan



Hillestvedt Skulekorps i sin ”fagre ungdom”



Gullbryllup i 2004. Frå v. Svein, Berit, Arnold, Edvin, Terje, Kristine, Else Karin.

koma til for å hjelpa dei "gamle" med å bera desse "bedehussongane" vidare.

Som mange kjenner til, så har eg gitt ut diktsamlinga "Dråpar". Eg let boka tala for seg sjølv.---

Kan nemna at eg bygde hus på same grunnen der foreldra mine hadde nytt hus i si tid. Kristine og eg gifta oss og hadde bryllup i vårt nye hus. Me fekk etter kvart fem born. Tre gutar og to jenter. Alle har fått vore friske, og har skikka seg vel. Me har også fått ni barnebarn, og til no to oldebarn.

Så må eg nemna litt av det eg sjølv har dreve med til levemåten. Eg bygde drivhus. Fyrste gong me hausta tomater, var i 1951. Det har ikkje vore noko "gullgruve". Men mykje arbeid har det i alle fall vore. Det vart for det meste kona som hadde "grøne fingrar" når ho i over femti år arbeidde med dette. Sjølv arbeidde eg med slikt som privatfolk ville at eg skulle gjera for dei. Stundom arbeidde eg åleine, men ofte i lag med andre. Det var husgrunnar, husbyggjing, reparasjonsarbeid, osv. Det å reisa på fiske om vintrane, slutta eg med i 1958. Eg slutta av mitt "yrkesaktive liv" som pendlar til Aker Stord A/S der eg var ansatt i mellom tretten og fjorten år, til eg vart pensjonist.

Det er litt rart å tenkja på at eg no er den eldste mannlege personen på Kallevåg. Eg har vore heldig som har hatt ei sers trufast og flink kona. Ho har også vore ei god mor, bestemor og oldemor. Kristine og eg takkar Gud for såpass god helsa at me også har fått feira gullbryllup saman med familie og venner. Me ser attende på livet med stor takksemd. Og vonar sjølvsgatt at me får mange gode år saman enno.

Sidan Leidarsteidn kjem ut før jul, høver det å ta med diktet:

Julestria.

*Me gled oss så veldig for no er det snart Jul.
Men det krev mykje stress til kvar tid.
Presangar skal kjøpast og leggjast i skjul.
Alt må gjerast med spenning og flid.*

*Kvinnfolka er det som kanskje slit mest.
Frå golv og til tak skal det skina.
Det også er dei som kjenner til best
kva for mat ein or frysen skal tina.*

*So litt etter kvart det husa seg nok
alt mens tidsånda bles i vårt sinn.
For henne som er både husmor og kokk
vert det kvild fyrst når stresset forsvinn.*

*Så alt dette maset med nissar og troll
som synest å bergta folk flest.
Dei hoppar og sprett og stupar i koll
og vil vera med på all fest.*

*Men det var ikkje slik det frå fyrst av var tenkt.
Nei, Fredsfyrsten var det som kom.
Han vil for alltid stetta vår lengt
sjølv om krybba i stallen er tom.*

*Ja, for no er det framover me skal få sjå.
Jesu gjenkomst skjer snart og i hast.
Vær rede å med Han til himmelen gå.
Husk, hans løfter i Ordet står fast*

Så vil eg til slutt takka for at du ville vera med meg på denne turen i "Mimrelandet".

Den tunge skoleveien fra Andal

Av Sissel Hamre Dagsland

I 1945 skulle en guttunge bosatt på Andals-Plasset begynne på Hillestveit skole. Skoleveien hans skulle bli lang, tung og kronglete gjennom alle år på folkeskolen, og det meste av tiden gikk han alene gjennom utmark, skog og i ulendt terreng. Fra før var sti gått opp av voksne folk fra Andal mot Vorland og resten av søre Bømlo-bygden. I 1945 var veien mot Andal kommet omtrent dit gangveien ned til Vevikjo nå tar av. Litt etter litt nærmet veien seg Andal, men ikke var den kommet helt frem før gutten fra Plasset var ferdig på folkeskolen. Der veien var ferdig var det råd å sykle, og sykkelskur for syklene til folket på Andal ble flyttet etter hvert slik at det alltid sto der veien tok slutt.

Trygve Lønning kan fortelle at veien i 1935 var kommet til Vorland, til omtrent der hvor Ole Helgesen Vorland (Helj-Ola) bodde. Da bygde de en parsell som gikk til Badebekken. Denne



*Ole Helgesen Vorland
Lærer i Espevær, Tjong og Andal*

kostet 5000,- kr. Sykkelskuret ble satt opp der hvor stien til kvernhuset på Vorland starter. Det var Lars Svalland som hadde bygget skuret, og han tok ansvar for å flytte det. Sykkelskuret var slik laget at det var lett å ta ned og flytte. Taket og de tre veggene kunne tas fra hverandre i hele stykker, og Svalland kjørte delene med hest og kjerre til enden av de nye parsellene - til stien ned til Vevikjo, til sletta langs Vevikvatnet osv. Slik ble veien til Andal bygget, etappe for etappe, alt etter hvor mye penger de hadde til disposisjon. Sykkelskuret ble hele tiden flyttet nærmere og nærmere Andal, helt til veien endelig stod ferdig i 1958.

Gutten som hadde skolevei gjennom skogen var Leif Barane. I dag, 69 år gammel, kan han gå opp og vise hele den gamle skoleveien sin. Somme steder gikk stien der bilveien nå går, men på noen strekninger ligger veien der det før var altfor ulendt å gå. Somme steder er det blitt mer myret, eller mer tilgrodd av busker og kratt. Fra Plasset fulgte han ikke den gamle kjerreveien som fortsatt er bra å gå på, men tok av opp i bratte haugen der utløen for Plasset lå. Stien gikk snart på den ene og snart på den andre siden av veien i dag. Ved Vevikvatnet var noen av de skumleste stedene. "Helj-Ola fene" (fene betyr bløt myr) var en myrlendt strekning, der det het seg at lærer på Andal gjennom mange år Ole Helgesen Vorland, som ble kalt "Helj-Ola", hadde lagt ut stokker og annet for å kunne komme seg over. Tett inntil Vevikvatnet var også en steinet strekning som var tung å forsere; vinterstid var det fristende å gå ned på isen. Mor til Leif var aller mest redd for at han skulle gå på isen her.

Mor fulgte Leif de første skoledagene; senere var det meningen at han skulle ta følge med Judith fra Tollevik, som var litt eldre. Men det ble til at han mest gikk for seg selv, og det ble slik at hele stien var så kjent at han kunne gått omtrent i blinde, forteller han nå. Mens vi går opp noe av

stien, og ser noen av de verste stykkene litt på avstand, kommer den store drosjen som kjører dagens skoleelever på Andal til og fra Hillestveit skole. Skoleskyss på denne strekningen har vært en selvfølge fra høsten 1972. Før kunne det ta halvannen time og vel så det å gå den kronglete skoleveien fra Andal; nå er turen med drosjen unnagjort på vel ti minutter.

Mange års sut for foreldrene

Var det da ikke bekymringsfullt for foreldrene å sende ungene fra Andal denne tunge veien til skolen? Jo, det var det. Dette var et spørsmål de tok opp gang på gang gjennom flere ti-år. De måtte få beholde Andal som egen skolekrets i stedet for at den skulle bli slått sammen med Hillestveit, og den lange og krevende skoleveien var det viktigste argumentet som mange ganger ble gjentatt. Om dette forteller en gammel protokoll, "Forhandlingsbog for tilsynsutvalget i Andals kreds", som går fra år 1889 til 1937, året da Andal tilslutt mistet skolen sin.

Andal hadde i mange år hatt omgangsskole, og hadde delte lærerposter med andre kretser, med et visst antall undervisningsuker hvert sted. Det skiftet mye, ser man av "Skulesoge for Bømlo" (forfatter Bernhard Selle). Alt fra 1879 var Ole Helgesen Vorland konstituert i en lærerpost med 18 uker på Hillestveit, 12 uker på Vika og 8 uker på Andal. I 1892 og 1893 var Ole Helgesen Vorland lærer for Tjong, Andal og Espevær, men fra 1894 hadde lærer Skedsvold kretsene Skimmeland, Andal, Hiskjo og Geitung, de tre siste med 9 uker hver. Mange lærere kom og gikk, men Ole Helgesen Vorland hadde den lengste tiden som lærer for Andal. Etter at Vorland gikk av for aldersgrensen gjorde flere lærere kortvarig tjeneste i Andal krets før P.T. Bore kom i 1924. Skolestue var det en tid i huset på Plasset, nettopp der Leif så mange år senere startet på sin lange skolevei. Hans bestefar Erik Barane kjøpte huset på Plasset i 1908. I 1909 sto eget skolehus på Andal ferdig, med klasserom og rom for læreren, og her hadde barn fra Andal, Tollevik og Hjartnes sin skolegang helt til 1937, de siste årene med skoletid på 14 uker.



Søsknene Svalland på Andal. Fra venstre: Martha f. 1896, Lars f. 1906, Nilsine f. 1902, Lydia f. 1900, Gudrun f. 1909, Marie f. 1895. Foto frå Trygve Lønning

År 1937. den 12-4. avholdes kretsreise
for at drøfte saken angående Skoledirektøren
uttalelse om skolens aphor på Andal.
Enstemmig besluttedes å protestere mot
at miste skolen. Da veien og desbunden til
nærme skole er den samme som i 1908 da
skolehuset på garden blev bygget.

Bernh. Nilssen
Hanna Andol
Erik Barane
Simon Svalland.
Ladov B. Hjertnes.

Faksimile fra "Forhandlingsbog for tilsynsutvalget i Andals kreds". Dette er det siste referatet i boken.

Men mange ganger var den vesle Andalskretsen truet, med forslag om sammenslåing med Hillestveit krets. Da dette forslaget var fremme i 1890 gjorde tilsynsutvalget, valgt blant oppsittere i kretsen som jo også for det meste var foreldre til skoleelevene, et av de første vedtakene som er tatt med i den gamle protokollen. De gikk imot at Andal skulle legges til Hillestveit, og begrunnet det med at skoleveien ville bli for lang, målt til 8400 alen (ca. 5 km.) fra Hillestveit til Tollevik, og 6500 alen (ca. 4 km.) til Andal. Dessuten var veien sumpig, og gikk et godt stykke gjennom skog.

Forslaget kom snart opp igjen, og den lengste uttalelsen gjorde tilsynsutvalget 29. oktober 1892. "5 stemmeberettigede av kredsens invaanere" møtte, og slik heter det i protokollen: "Skolestyres skrivelse af den 5/9 1892, Voraf kretsen er opfordret til at utale sig i denne anledning, at Andals kreds skal henføres til Hillestvedt kreds, dette anser vi for umulig fra flere Hold en kan tenke sig Barn paa 7 a 8 aar at gaa den lange vei, som er opmaalt 8400 alner og for det meste af veiens lengde er af den

beskaffenhed at i Regnveir er den umulig at gaa for Børn for den er saa Sumpig og bekleedt med skog . Og saa er her flere tilstødende gaarder som har Havnegang i same udmark saa det er ikke saa bra at tenke paa at lade sine smaa ferdes blandt Kreatur paa denne lange Vei, at bli vaare Baren med i Hillestvedt kreds anser vi for saa Byrdesamt for en del at det vil stille seg, saa for oss at søge Hillestvedt skole for Andal kreds anser vi for umulig i den nærmeste fremtid. Nu er her 6 skolepligtige og om 1 år vil her blive 3 til, alsa 9 Barn. Vi haaber at di vil imødekomme vor forlangende at vi faar beholde vaar Skole som før".

Nynorsk? – nei takk!

Som man ser brukte tilsynsutvalget datidens riksmål, riktignok med noen stave- og skrivefeil, og flere skrivemåter for "kreds", rettet på i dette sitatet. Skolens målform var den andre store saken som opptok tilsynsutvalget i disse årene, mens det også ble holdt mange møter bare for å velge – og gjenvelge – medlemmer av utvalget.

Navn som gikk igjen år om annet utover på 1900-tallet var Aanen A. Tollevik, Johannes Andal, Erik Barane, Nils Svalland, Simon Svalland, Bernhard Nilssen og Hanna Andal.

Tilsynsutvalget var helt konsekvent når det gjaldt målform – det skulle være rigsmaal, riksmål eller bokmål, alt etter tidens stavemåte og uttrykk. Nynorsk var altså ikke ønsket. I 1912 het det i vedtaket: *”Enstemmig stemtes for Rigsmaal”*. Litt mer detaljert het det noen år senere: *”Kredsmøte for Andal avholdtes den 11-8-19 til forhandling om maalformen i skolen. Antallet av Kredsens stemmeberettigede er 13, av disse møtte 11. Paa rigsmaals abc stemte samtlige 11. Paa rigsmaals lesebok stemte 11. Paa rigsmaal for de skriftlige arbeider stemte 11. Da intet andet var at forhanle hevedes mødet.”*

I protokollen for 29. oktober 1934 het det at *”I overenstemmelse med Bømlo skolestyre sin beslutning 12 april 1934 skulde møte uttale sig om maalformen i skolen.....Ved avstemningen fik: A. Bokmål, Rolfsens læsebok for folkeskolen (4 binds utgave) og Gundersen og Munck, Min første læsebok, 19 stemmer. B) Nynorsk, Austlid: lesebok, Gundersen og Munck, Mi fyrste lesebok, ingen stemmer. Tallet paa stemmesetlerne stemmer med krydsningen i mantalet.”*

”Skulesoge for Bømlo” forteller at overgang



fra bokmål til nynorsk i Bømlo-skolene gikk gradvis, etter vedtak i de forskjellige skolekretsene. I 1936 gikk de siste kretsene over til nynorsk.

Da var også tiden ute for Andal som egen krets. I april 1937 vedtok skolestyret å legge ned kretsen, som nå bare hadde tre elever på 11, 12 og 12 år. Ellers var det i kretsen to barn på 4 ½ år. Skoleåret 1936/37 ble det siste for Andal som egen skolekrets, og nå kunne foreldrene velge om de ville sende barna til Tjong eller Hillestveit. Det var bitterhet over det aller siste vedtaket i den gamle protokollen: *”Aar 1937 den 12-4 avholdtes kredsmøte for at drøfte saken angående Skoledirektørens utalelse om skolens ophør på Andal. Enstemmig besluttedes å protestere mot at miste skolen. Da veien og distansen til nærmeste skole er den samme som i 1908 da skolehuset på gården blev bygget”. Bernh. Nilssen, Hanna Andal, Erik Barane, Simon Svalland, Haldor B. Hjertnes.*

Et tilløp til skolestreik anes bak et lite avsnitt i ”Skulesoge for Bømlo”: ”I september 1937 fann skulestyret det nødvendig å skriva til Johannes Andal og B. Nilsen om at ”dei snarast måtte senda borna sine på skulen. Dei kunne framleis velja mellom Tjong og Hillestveit”. Seinare har Andalsbarna gått til Hillestveit, men barna på Hjartnes, som og hørde til krinsen, måtte skyssast til Straumøy skule i Moster. Skulehuset på Andal vart rive og reist opp att som bustadhus på Hovland i slutten av 1950-åra”.

I 1945 var altså skoleveien fra Andal den samme som før, da vesle Leif skulle begynne i første klasse.

Barna fra Andal får i dag drosje for å komme seg til og fra skolen. Her representert ved Georg Barane, Arne Thorsen og Even Hafver

Chart over Findaas Præstegield



I original er kartet svært stort, så gjengivelsen av heile kartet vert dårleg når det vert presentert på ei A4 side. Eit meir detaljert utsnitt av langevågsområdet følger på neste side.

Våren 2006 fekk redaksjonen i Leidarsteidn følgjande e-post frå Kristian Wathne, Auklandshamn:

Hei!

Underteikna driv litt med lokalthistorie som hobby. Av og til dukkar det opp ting som kanskje andre også kan ha interesse av. For ei stund sidan fann eg ut at det låg eit gammalt kart over Findaas Præstegjeld fra 1787 på eit bibliotek. Etter litt fram og tilbake har eg no fått tak i ein kopi av dette kartet.

Fakta om kartet:

Forfatter: Hertzberg, Nils 1759-1841
Hertzberg, Christian
Paludan, Jens

Tittel: Chart over Findaas Præstegjeld i Sundhordlehns Provstie, Bergens Stift / geometrisk optaget af Niels Pedersen Hertzberg ; copieret og tegnet af Christian Hertzberg og Jens Paludan. - [Ca 1:40000-1:50000].

Trykt: Kaarevigen, 1787.

Sidetall: 1 kart i ms. : kol. ; 85 x 66 cm.

Kartet er hentet fra Universitetsbiblioteket i Trondheim, spesialsamlingene.

Det er bestilt fra universitetet av Kristian Wathne våren 2006 og deretter redigert av grafisk designer Torstein Skimmeland

Mvh

Kristian Wathne

Bømlo Tur- og Sogelag vil få retta ei stor takk til Kristian Wathne for det sjeldne og interassante kartet.



Slik er søre delen av Bømlo teikna på kartet. Dersom gjengivelsen vert bra, vil ein kunna sjå at navnet på det vesle skjæret ved Luten som no vert kalla Brødstampen på den tida vart kalla Brødstomp.



Frå ei tilstelling på Bømlo bedehus. Frå venstre: Eli Hovland, Karen Lodden, Inger Vespestad, Elisabet Vorland, Enok Eide, Hilda Hovland, Eli Vespestad, Bertine Vespestad, Lina Hovland.

Før og no



Dette biletet frå Bømmelhamn er etter alt å døma tatt tidleg på 1900-talet. Seglskøyta "Gyda" ligg til ankers utanfor bua. Bak den ligg det gamle gjestgiveriet som no er rive. Løa i bakgrunnen tillhører i dag Odd Lønning.



Som ein ser har det skjedd store endringar i Bømmelhamn sidan det øverste biletet vart tatt. Mange bustadhus har kome til, og dei siste åra er det bygt ei rekkje nye rorbuer.



Oversikt over deler av Langevåg ca 1960. Garden Hovland nærast. Bilete frå Kristian Hovland.

Biletskanning, formgjeving og sideombrekking:
Bernt Emil Vika
Trykkeri: A1 Stord Grafisk